


Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervising. Difor er det viktig at de kjem på **T**-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar ein kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua.
Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til **T**-dagane uansett livssyn.



Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane.voss@kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480 16 45293
(merk: trusopplæring)

T-dag for
5-åringen
2025

Invitasjon til
T₅-dag

i Vonheim

17., 18. eller 19. nov
kl. 16:00-18:30

Jolekrubbeverkstad
vandring

T₅



Velkomen

til jolekrubbeverkstad, til deg som er 5 år.

Gler du deg til jol?

Er ventetida lang?

Har du lyst å laga ei jolekrubbe som du kan leika med, og slik gjera ventetida litt kortare?

Då kan du koma til Vonheim måndag 17., 18. eller tysdag 19. november. Du vel sjølv kva dag du vil koma, men gje beskjed ved påmelding.

Program:

KL 16:00	Middag i Vonheim (kr 40,- pr vaksen, gratis for 5-åringen)
KL 16:40	Jolekrubbeverkstad Liten pause - kaffi/soft
KL 18:00	Jolekrubbevandring
KL 18:30	Slutt - takk for idag!

**Ta med:
saks og lommelykt!**

Praktisk info

5-åringen er invitert saman med ein vaksen; foreldre, besteforelder, faddar, tante, onkel...

5-åringen skal få laga si eiga jolekrybbe, saman med den vaksne som er med. Krubba skal de få ta med heim og bruka i adventstida!

Det vert servert hamburgermiddag for liten og stor når de kjem, difor treng me påmelding. Det er plass til 24 born per dag.

Påmelding innan

torsdag 13. november

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden



De kan óg melde på via sms til Rønnaug Skjeldal,
952 62 025.

Ta med i meldinga: Namn, om det er ok med publisering
av bilete på facebook, nettsider og Kyrkjenytt,
matallergiar og om det er andre omsyn me må ta.